

## Arbeidsoppgåver

### Informasjon til læraren

I utarbeidinga av oppgåvene, har vi hatt elevar i vidaregåande som hovudmålgruppe, men utstillinga vil også kunne fungere i ungdomsskulen.

Oppgåvene som er utarbeidde til nettutstillinga tek utgangspunkt i dei skjønnlitterære tekstane som er skrivne til kvar av dei 20 gjenstandane. I tillegg må elevane bruke sakteksten som er skriven om gjenstanden og bruke andre delar av nettstaden for å hente informasjon til fleire av oppgåvene. Ingen av oppgåvene er like, og dei er difor godt eigna for framlegging i klasserommet.

Nettutstillinga høver godt i arbeid med hovudområda *samansette tekstar* og *språk og kultur* (*Kunnskapsløftet*, 2007). Gjennom arbeid med oppgåvene vil ein også kome inn på kompetansemål under området *skriffilege tekstar*.

For kvar gjenstand er det fire til fem arbeidsoppgåver. Dei første oppgåvene dreiar seg om oppbygging og forståing av teksten, i tillegg til å finne meir informasjon om temaet. Den siste oppgåva er ei skriveoppgåve knytt opp til eit tema frå teksten. Slik kan dei første oppgåvene brukast som motivasjons- og idéarbeid før ei lengre skriveoppgåve. Skriveoppgåvene er generelle, og det er tenkt at dei skal kunne brukast som utgangspunkt for den/dei sjangrane de ønskjer å arbeide med.

### Hatt

1. Teksten *Hatten* av Arne Moslåttan fortel om ein aldrande mann. Korleis kjem dette fram?
2. Kven er denne Jon som blir nemnt?
3. Kva tankar gjer du deg om Ivar Aasen etter å ha lese tekstane av Moslåttan og Fagerhol (*Om hatten til Ivar Aasen*)?
4. Skriv ein tekst om å bli gammal.

### Pipe

1. Gje døme på allusjonar i teksten *Mine røymsler med pipe* av Selma Lønning Aarø.
2. Forteljaren skriv om eit bilete ho fann i ei bok ” Under stod det: *Ceci n'est pas une pipe*”. Finn ut kva for bilete det her blir vist til. Kva er budskapet i dette biletet, og kvifor har det vorte så viktig?
3. Søk i *Livssoga åt Ivar Aasen* av Kjell Venås, og finn ut meir om forholdet hans til piper og tobakk.
4. Ta utgangspunkt i ei bok du las eller ein film du såg som liten. Skriv ein tekst der du knyter denne boka eller filmen til ein av Aasens gjenstandar.

### Hostedråpar

1. Rune Timberlid har skriva teksten *Dråpar til å bli frisk av*. Kva fortel denne teksten om dagleglivet og butilhøva til Ivar Aasen?
2. Søk i dagbøkene til Ivar Aasen, og les om ulike helseplager han hadde. Søk på ord som *Sygdome*, *plage*, *Helbred* og *onde*.
3. Kor mange år levde Aasen i Kristiania? Bruk *Livssoga åt Ivar Aasen* av Kjell Venås, til å finne ut meir om dagleglivet til Ivar Aasen i Kristiania.
4. Skriv ein tekst om å bu langt frå heimstaden.

## Lupe

1. Kva skaper rytme i teksten *Vindauget over orda* av Lars Mæhle?
2. Kva er det som gjer at forteljaren i teksten føler at han ikkje lykkast i det han skal gjere?
3. Forteljaren synest det er vanskeleg å sjå for seg Ivar Aasen som ung. Gå inn på *Livssoga åt Ivar Aasen* av Kjell Venås, og finn ut meir om Ivar Aasen som barn.
4. Skriv ein tekst om det å mislykkast.

## Penn

1. Gje døme på allusjonar i teksten *Pennen* av Hallgeir Opedal.
2. Nemn andre verkemiddel som blir brukte i teksten.
3. Kva vil det seie å varda ein veg?
4. Skriv ein tekst med tittelen ”Den som kan tenkje med ein penn, skal aldri døy”.

## Teaterkikkert

1. Alf Kjetil Walgermo har skrive teksten *Scene frå eit mogeleg ekteskap*. Kva grep er det forfattaren brukar for å få fram interessa kvinna har for Aasen i denne teksten?
2. I teksten står det at språkforskaren frå Vestlandet er ein sann teaterelskar. Gå inn på *Aasens dagbøker*, og søk på *Theater og Komedie*, og skriv ned nokre av titlane på stykka han såg. Prøv å gje ein karakteristikk av stykka utifrå titlane.
3. Skriv ein tekst med tittelen ”Livet er ei scene”.

## Glas

1. Når er diktet *Gamle Norig* skrive? Kvifor var det viktig å skrive om Noreg på denne tida?
2. I teksten *Ein skål for Gamle Norig!* av Inger Bråtveit står det at Aasen tek seg ein dobbel kolokvintar. Bruk teksten av Bjørn Austigard til å finne ut meir om Aasens forhold til alkohol og kva ein kolokvintar er.
3. Ivar Aasen skreiv sitt første dikt som 12-åring, men fekk ikkje skikkeleg tak på diktinga si før han byrja å skrive på landsmål, vel 40 år gamal. For Aasen var det å bruke eige skriftspråk viktig for kreativiteten. Mange skriv dikt og songtekstar på eit anna språk enn morsmålet, kva kan vere grunnen til det?
4. Skriv ein tekst om heimstaden din.

## Reiseskrivebord

1. Aasen laga sitt eige skrivebord. Kvifor trong han dette vesle reiseskrivebordet?
2. Kva skaper rytme i teksten *Skrinet mitt* av Ruth Lillegraven?
3. Kva fortel denne teksten om Ivar Aasen?
4. Skriv ein tekst om kor vanskeleg det kan vere å dele sine inste kjensler.

## Hammar

1. Jørgen Norheim har skrive teksten *Mann for sin hammar*. Kva opplysningar får du her om Ivar Aasens daglegliv?
2. Kva er jamstillingsvedtaket?
3. Kva kan vere meint med at ”den som lyfter Hamaren for høgt, han slær for lint”?
4. I teksten står ordtaket ”Eit litet Ord gjerer stundom store verk”. Skriv ein tekst der eit lite ord får store konsekvensar.

## Belteping

1. Bruk teksten til Anne Kristin Moe, og forklar kva ein belteping er.
2. Forteljaren i teksten *Belteping* av Eva Jensen er på reise. Ivar Aasen var også mykje på reise. Sjå på kart over [reisene til Ivar Aasen](#), og finn ut kor ofte han drog ut på reise og kor langt han reiste.
3. Kva kan liggje i setninga ”Men Ivar Aasen ser ut som om han har tenkt å halde det gåande, det er ingenting som tyder på at han er av dei som gjer seg”?
4. Skriv ein tekst om å kjempe for noko ein trur på.

## Skrivebord

1. Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab gav skrivebordet i gåve til Ivar Aasen. Kva var dette for eit selskap, og kva er bindeleddet mellom dei og Aasen?
2. I teksten *Eit gåvebord* av Karin Sveen blir ordet *mahognyspråk* brukt om bokmål. Kva kan liggje i denne nemninga? Gi døme på ord som kan beskrive nynorsk.
3. Teksten hevdar at ”To tunger i same munn gjer ingen av dei falske. Det er snarare til ære for det vesle landet vårt at det er stort nok til to språk...”. Kva meiner du?
4. Skriv ein tekst om språk.

## Bok

1. Bruk *Livssoga åt Ivar Aasen* av Kjell Venås, , og finn ut kven Berte var. Fortel også kort om dei andre kvinnene i Aasens liv.
2. Gå inn på Aasens brev, og les [friarbrevet](#) han skreiv til Marta Skjelderup i 1855. . Kva fortel friarbrevet om Aasen?
3. Gje døme på allusjonar i teksten *Berte* av May Grethe Lerum.
4. Forteljaren skriv at ”Alt som elles er og finst skal du sakne, og lengten din skal du måtte fly frå mellom boksider...” Skriv ein tekst om lengsel.

## Trekkpapirvalse

1. Kva skaper rytme i teksten *Trekkpapirvalse* av Aina Basso?
2. Kva grep gjer forfattaren for å gjere trekkpapirvalse viktig i teksten?
3. Det har gått lang tid frå trekkpapirvalse til tastatur. Korleis trur du utviklinga av kommunikasjonsverktøy har prega utviklinga av måten vi kommuniserer med kvarandre på?
4. Skriv ein tekst om kommunikasjon.

## Stokk

1. Korleis er diktet *Stokken* hans av Jon Fosse bygd opp?
2. Kva verkemiddel blir brukt i diktet? Kva gjer det med teksten?
3. Kva sider ved Ivar Aasen kjem fram her?
4. I diktet står det at Aasen var som bymenn flest. Finn ut meir om korleis Aasen levde bylivet i [Livssoga åt Ivar Aasen](#) av Kjell Venås.
5. Skriv ein tekst om skilnadar og likskapar mellom bygde- og byliv.

## Skinnvott

1. I teksten *Skinnvottane hans* av Kine Hellebust blir det brukt dialekt i replikkane. Kva fordelar og ulemper har det å bruke dialekt i tekstar?
2. Bruker du sjølv dialekt når du skriv? I tilfelle ja, når bruker du det og kvifor bruker du det?
3. Teksten fortel om Ivar Aasen på reise. Gå inn på [Ivar Aasens reiser](#) og finn ut om han var på din heimstad, og i tilfelle når?
4. Skriv ein tekst om å vere på reise.

## Klokke

1. Kva kan seiast om rytmen og intensiteten i teksten *Natt til 20. mars 1840* av Gro Dahle? Kva grep er dette forfatternen bruker for å skape intensiteten i teksten?
2. Kva tankar gjer du deg om Ivar Aasen etter å ha lese denne teksten?
3. I teksten *Natt til 20. mars 1840* står setninga ”No tikkar klokka fram sekund for sekund frå urverket, slår spiker etter spiker inn i natta.” Korleis kan vi forstå denne setninga?
4. Skriv ein tekst om tid.

## Hue

1. Klaus Sonstad har skriva teksten *Hundre prosent*. Kva er det som er hundre prosent i teksten? Blir det sett på som positivt eller negativt å vere hundre prosent?
2. Ivar Aasen var ein av mange som brukte raud topphue på 1800-talet, og under 2. verdskrigen vart den raude topphuen eit viktig symbol. Kva slags assosiasjonar gir den raude topphuen? Kan du tenkje deg samanhengar der den raude topphuen kan brukast som symbolplagg i dag?
3. I teksten er det klare motsetningar mellom nynorsk og bokmål. Korleis blir dei to målformene framstilte?
4. Skriv ein tekst om å vere hundre prosent tilhengjar eller motstandar av noko.

## Sko

1. Rønnaug Kleiva har skriva teksten *Plass med fontene og nokon som dansar*. Gje eit kort referat av handlinga i teksten.
2. Kva skaper stemning i teksten?
3. Les teksten til Bjørn Austigard om sko. Kva får vi vite om Aasen og sko?
4. I teksten står det at ”Ein treng mjuke sko når ein skal danse og leike” og ”Det er alltid nokon ein skal danse og leike med”. Kva seier desse setningane om haldningane til forteljaren?
5. Skriv ein tekst om å møte nye menneske.

## Kikeøskje

1. Einar Økland har skriva teksten *Vi ser, vi ser, det er det vi gjer*. Kva sjanger har denne teksten? Grunnleggj svaret.
2. Første setninga i teksten er formulert slik: ”Auga er den rastlause moderniseringsagenten i mennesket si historie – janusdøra der éi røynd går ut og ei anna inn”.
3. a.) Ordet *moderniseringsagent* blir brukt om institusjonar og organisasjonar som går i spissen for utviklinga. Kva trur du er meint med at auget er ein moderniseringsagent?  
b.) Kven var Janus, og kva har han blitt eit symbol på? Korleis kan auget fungere som ei janusdør?
4. Bruk Bjørn Austigards tekst og finn ut kva eit ”Cartes de visite” er. I siste avsnitt blir det konkludert med at Aasen ikkje hadde ein ”språkbetraktar” fordi han hadde eit sviktande syn, men fordi han hadde eit moderne blikk. Forklar kva som ligg i dette.
5. Skriv ein tekst om utvikling.

## Spegel/kam/børste-sett

1. Kven er ”vi” i teksten *Spegel, kam og børste* av Ragnar Hovland?
2. Gi døme på besjeling i teksten.
3. Kva sider ved Ivar Aasen kjem fram i denne teksten?
4. ”Ein må også sjå godt ut! Sjølv om ein ikkje har utsjånaden heilt med seg.” Gå inn på *Om spegel-, kam- og børstesettet til Ivar Aasen*, og finn ut meir om kva Ivar Aasen tenkte om utsjånaden sin.
5. Skriv ein tekst om utsjånad og sjølvbilete.

## **Nettadresser som er brukte i desse oppgåvene**

Livssoga åt Ivar Aasen - [http://www.aasentunet.no/prod\\_images/doc\\_1244.pdf](http://www.aasentunet.no/prod_images/doc_1244.pdf)

Dagbøkene til Ivar Aasen - <http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=4176>

Reisene til Ivar Aasen - <http://spel.aasentunet.no/reiser>

Friarbrevet til Marta Skjeldrup - <http://www.aasentunet.no/default.asp?id=7686&menu=4161>